



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

STANDPUNKTKARAKTER – 2016

*Rettleiing ved behandling av klage i grunnskolen
med klageskjema*



INNHOLD

1. INNLEIING	2
Klagefrist	2
Informasjons- og rettleiingsplikta til skolen.....	2
Skjema	3
2. SENTRALE BESTEMMELSER FOR KLAGE PÅ FAGKARAKTERAR	3
Om fastsetting av standpunktcharakter.....	4
Ikkje grunnlag for å setje karakter – Krav om varsling	4
Klagehandsaming	5
Fråsegn frå faglærar	5
Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga.....	6
Ny vurdering – endeleg karakter	6
3. KLAGE PÅ KARAKTER I ORDEN OG I ÅTFERD	7
Om vurderinga i orden og i åtferd	7
Varsling	8
Dokumentering.....	9
Fråsegn frå rektor og kontaktlærar.....	9
Endeleg karakter	9

Vedlegg: **Skjema for klage på standpunktcharakter**



1. INNLEIING

Fastsetjing av standpunktakarakter er eit enkeltvedtak, og enkeltvedtak skal grunngivast. "Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold"¹.

Det kan klagast på standpunktakarakter og på vedtak om ikkje å setje standpunktakarakter.

Alle klager på standpunktakarakter skal sendast Fylkesmannen. Ny digital løysing for innsending av klage på standpunkt med vedlegg skal vere på plass våren 2016. Utdanningsdirektoratet har i brev av 31.10.2008 presisert at rektor ikkje har heimel for å endre vedtak om karakterfastsetjing etter at ein karakter er sett. Dette gjeld sjølv om skolen finn klaga rettkomen. Rektor kan endre eventuelle feilføringar.

Forskrifta til opplæringslova set ein siste frist for fastsetjing av standpunktakarakter i fag. Det er opp til den enkelte skolen å eventuelt setje ein tidlegare frist.

Rektor har ansvaret for at standpunktakarakterar i orden og åtferd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Standpunktakarakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

Klagefrist

Fristen for å klage på vedtak som gjeld standpunktakarakter er 10 dagar frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til den som har klagerett. I særlege tilfelle kan ei klage bli behandla sjølv om fristen ikkje er halden².

Klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Ny 10-dagarsfrist gjeld frå det tidspunktet han/ho har motteke grunngiving.

Dersom skolen aviser klaga fordi den er levert for seint, er dette eit vedtak som kan klagast på. Klagefristen er då 3 veker³.

Klage på standpunktakarakter må behandlast så raskt som råd. Dette er særleg viktig for elevar på 10. trinn. Vi oppmodar derfor skolane til å sende inn klagesakene fortløpande og ikkje vente til alle klagesakene kan sendast samla.

Rektor må sikre god framdrift i klagebehandlinga. Lærarane bør vere tilgjengelege i det tidsrommet der det kan vere behov for å grunngi og/eller gi fråsegn om karakterfastsetjinga.

Informasjons- og rettleiingsplikta til skolen

Skolen skal gjere elevar og foreldre kjende med klageretten og klagefristen.

Rektor må sjå til at informasjonsplikta blir ivareteke slik at ein når alle elevgrupper/foreldre. I klagesaker må skolen dokumentere at eleven/foreldre har fått slik informasjon.

¹ Jf forvaltningslova (fvl) § 11a.

² Jf forvaltningslova § 31.

³ Jf forvaltningslova § 29.

Informasjonen til elev og foreldre må som eit minimum innehalde:

- kva for karakter det kan klagast på
- generell informasjon om klagerett og klagefrist
- opplysning om at klage på standpunktcharakter bør grunngivast
- opplysning om at klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Vi rår til at grunngiving blir gitt skriftleg.

Skjema

Vi ber om at oversending av klage skjer elektronisk ved hjelp av systemet på vedlagd lenke

https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/Fylkesmannen/klage_pa_standpunktcharakter

System for elektronisk oversending følgjer same oppsett og rutinar som skjemaet "Klage på standpunktcharakter".

Skjema skal nyttast både ved oversending av klage på standpunktcharakter i fag og ved klage i orden og i åtferd. Vi ber om at det blir fyllt ut eitt skjema for kvar karakter det blir klaga på.

2. SENTRALE BESTEMMELSER FOR KLAGE PÅ FAGKARAKTERAR

Forskrift til opplæringslova		Forvaltningslova
Kapittel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring	Kapittel 5: Klage på vurdering	Kapittel VI: Om klage og omgjøring
§ 3-1 Rett til vurdering § 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag § 3-7 Varsling § 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktcharakteren i fag § 3-17 Sluttvurdering i fag § 3-18 Standpunktcharakter i fag	§ 5-1 Kva det kan klagast på § 5-2 Kven som kan klage § 5-3 Avgjerd i klagesaka § 5-4 Saksgangen ved klage § 5-5 Klagefristar § 5-6 Formkrav § 5-7 Rett til grunngiving § 5-12 Klage på standpunktcharakter. Klageinstans og klagebehandling	§ 29 (klagefrist) § 31 (oversitting av klagefristen) § 34 (klageinstansens kompetanse)
For meir informasjon sjå: http://www.udir.no/Vurdering/Standpunktvurdering-i-fag/		

KLAGE PÅ FAGKARAKTER

Om fastsetting av standpunktcharakter

Sluttvurdering skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket. Standpunktcharakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktcharakteren i fag skal fastsetjast, jf. § 3-3 og § 3-18.

Sjølv om det har vore avsluttande vurderingar undervegs i opplæringa, skal læraren gjere ei totalvurdering av eleven sin kompetanse ved fastsetting av standpunktcharakteren. Det betyr ikkje at læraren må vurdere eleven i alle kompetansemåla rett før standpunktcharakteren vert fastsett, men at læraren skal bruke sitt faglege skjønn til å gjere ei samla vurdering av eleven sin kompetanse ut frå kompetansemåla i læreplanen for faget. Læraren kan difor ikkje legge saman karakterar frå undervegsvurderinga og gje ein standpunktcharakter som er eit matematisk gjennomsnitt av desse karakterane.

Vi gjer merksam på at dei karakterstøttande prøvene inneholder oppgåver frå alle hovudområda i læreplanen, men at dei ikkje dekkar heile faget. Dei vil altså ikkje gje uttømmande informasjon om elevar sin kompetanse, men kan vere til hjelp i læraren sitt vurderingsarbeid. Dette gjeld og når eldre eksamensoppgåver vert brukt til tentamen.

Eleven skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av standpunktcharakteren.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytt til ordenen og åtferda til eleven trekkjast inn. I kroppsøving skal innsatsen være ein del av grunnlaget for vurdering⁴.

Ikkje grunnlag for å setje karakter – Krav om varsling

Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktcharakter manglar. Dersom faglærar ikkje kan vurdere eleven sin kompetanse på grunnlag av dei samla kompetansemåla, så kan eleven ikkje få standpunktcharakter i faget.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktcharakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktcharakter ikkje blir gitt.

For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om ikkje å gi karakter, skal eleven og foreldra vere varsle. Når det er tvil om eleven kan få standpunktcharakter i eitt eller fleire fag, skal skriftleg varsel

- sendast til eleven og foreldra
- vere datert og sendt utan ugrunna opphold slik at eleven får høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktcharakter

⁴ Nytt frå skuleåret 2012/13.

Ved ein eventuell klage må kopi av varselbrevet leggjast ved klaga, og skolen må kunne dokumentere at foreldra har sett varselet.

Klagehandsaming

Ei klage på standpunktcharakter skal sendast til skolen. Fylkesmannen er klageinstans. Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Ved oversending av klaga til Fylkesmannen, skal det følgje med fråsegn fra faglærar og rektor. Sjølv om det tidlegare dokumentasjonskravet i § 3-16 annet ledd om at undervegsverdining er gitt er oppheva, må skolane framleis ha eit forsvarleg system og kunne dokumentere vurderingsarbeidet. I ei klage på standpunktcharakter er kravet til dokumentasjon annleis enn det som sto i tidlegare § 3-16. I ei klagesak skal faglæraren gje ein uttale om korleis karakteren er fastsett, og rektor skal gje ein uttale om skolen si sakshandsaming.

Fråsegn frå faglærar

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at faglærar kan dokumentere grunnlaget for karaktersetjinga i tråd med kapittel 3 i forskrift til opplæringslova, og at saka er godt nok opplyst til at klageinstansen kan behandle klaga.

Ei fråsegn skal vere konkret og må innehalde:

- Ei konkret vurdering av eleven sin kompetanse i faget i forhold til dei samla kompetansemåla i læreplanen og kjenneteikn på måloppnåing. Alle hovudområda i faget må vere omtalt.
- Ei tredeling i «høg», «låg» og «middels» kompetanse vil krevje ytterlegare presiseringar som grunngjeving for ein standpunktcharakter, t.d. kva skil dei ulike karakternivåa?
- Omtale av korleis eleven er gjort kjent med kompetansemåla i faget og kjenneteikn på måloppnåing
- Ein omtale av korleis det i underveisvurderinga er lagt til rette for ulike arbeidsmåtar og vurderingsformer i faget
- Svar på det som eleven eller foreldra peiker på i klaga

Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

Skjematiske innhaldet i faglærar si fråsegn illustrerast slik:

Innleiing om vurderingsgrunnlag		
Kompetansemål	Kjenneteikn på måloppnåing	Vurdering av eleven sin kompetanse opp mot kjenneteikn på måloppnåing
Standpunktcharakter ut frå ei heilskapleg vurdering av eleven sin samla kompetanse i faget		

Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga

Rektor skal sjå til at fråsegna frå faglærar har det innhaldet som er nemnt i krava over. Rektor skal gjere greie for saksbehandling og prosedyrar ved skolen i eige skriv. Skrivet skal innehalde:

- informasjon om alder på eleven. Eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv
- informasjon om karakter frå siste halvårvurdering og standpunktcharakter
- informasjon om klaga er sett fram innan fristen
- informasjon om når og korleis skolen har informert om klageretten
- tidspunkt for når skolen har sendt kopi av dokumenta i saka til klagar
- anna dokumentasjon frå skole/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga

Det er ikkje tilstrekkeleg at skolen i oversendingsbrev til klageinstansen skriv at dei har følgt dei forskriftsmessige prosedyrane ved karakterfastsetjinga.

Skolen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon frå faglærar om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagebehandlinga pågår.

Ny vurdering – endeleg karakter

Dersom klaga blir funnen rettkomen av klageinstansen, blir standpunktcharakteren oppheva og klaga sendt tilbake til skolen for ny behandling.

Rektor og faglærar gjer ny vurdering med utgangspunkt i dei punkta klageinstansen har peikt på i vedtaket. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerdha skal grunngjenvast.

Denne avgjerdha kan det ikkje klagast på. Orientering om endeleg karakter og rektor si grunngiving skal sendast klagaren med kopi til Fylkesmannen.

Dersom karakteren blir endra for elevar på 10. trinn, må rektor sende melding om dette til inntakskontoret for vidaregåande opplæring.



3. KLAGE PÅ KARAKTER I ORDEN OG I ÅTFERD

Forskrift til opplæringslova		
Kapittel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregående opplæring	Kapittel 5: Klage på vurdering	Kapittel 20: Foreldresamarbeid i grunnskulen og vidaregående opplæring
<p>§ 3-1 Rett til vurdering</p> <p>§ 3-2 Formålet med vurdering</p> <p>§ 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åferd</p> <p>§ 3-6 Karakterar i orden og i åferd</p> <p>§ 3-7 Varsling</p> <p>§ 3-11 Undervegsvurdering</p> <p>§ 3-12 Eigenvurdering</p> <p>§ 3-15 Halvårsvurdering i orden og i åferd for elevar</p> <p>§ 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktakarakteren i fag</p> <p>§ 3-19 Standpunktakarakter i orden og i åferd</p> <p>§ 3-39 Forsvarleg system for føring av karakter og fråver</p>	<p>§ 5-1 Kva det kan klagast på</p> <p>§ 5-2 Kven som kan klage</p> <p>§ 5-3 Avgjerd i klagesaka</p> <p>§ 5-4 Saksgangen ved klage</p> <p>§ 5-5 Klagefristar</p> <p>§ 5-6 Formkrav</p> <p>§ 5-7 Rett til grunngiving</p> <p>§ 5-13 Klage på karakter i orden og i åferd. Klageinstans og klagebehandling</p>	<p>§ 20-1 Formålet med foreldresamarbeid</p> <p>§ 20-3 Foreldresamarbeid i grunnskulen</p>
<p>Forvaltningslova</p> <p>Kapittel VI Om klage og omgjøring</p> <p>§ 29 Klagefrist</p> <p>§ 31 Oversitting av klagefristen</p> <p>§ 34 Klage-instansens kompetanse</p>		

Om vurderinga i orden og i åferd

Skoleeigar skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskulen⁵. I ordensreglementet skal det vere regulert kva som er akseptabel orden og åferd. Skolen må kunne dokumentere at elev/ foreldre er gjort kjende med ordensreglementet.

⁵ jf. opplæringslova § 2-9

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd skal vere knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Vurdering av orden og åtferd skal haldast åtskildt frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Skolen må presisere for elevane kva som blir teke med i grunnlaget for ordenskarakteren, og kva som blir lagt vekt på i grunnlaget for åtferdskarakteren. Til dømes kan fråvær føre til nedsett karakter anten i orden eller i åtferd.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at skolen har klare rutinar for å dokumentere elevane sin orden og åtferd.

I vurderinga av orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Når ein skal avgjere om eleven skal få ein anna karakter enn god (G), skal det takast omsyn til kva som vil vere god orden og kva som vil vere god åtferd for eleven. Dette inneber at elevar som etter ei objektiv vurdering basert på ordensreglementet, aldri vil kunne få karakteren god, likevel kan få det, fordi eleven si åtferd og/eller orden vurdert ut frå eleven sin føresetnad er god. Det er ikkje krav om at eleven har ein diagnose, og skolen må gjere ei skjønnsmessig vurdering i kvart tilfelle.

Varsling

Forskrifta krev at skolen sender skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få halvårsverdning eller standpunkt-karakter *nokså god* (Ng) eller *lite god* (Lg) i orden og/eller i åtferd.

Det er viktig å innarbeide rutinar for å sikre god dokumentasjon på at skriftleg varsel er sendt.

Viktige moment:

- Grunngitt varsel om fare for nedsett karakter skal sendast til foreldre/elev
- Varslelet skal vere datert og sendt til foreldre/elev utan ugrunna opphald, slik at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren

Det er ikkje krav om varsel når ein karakter blir sett ned som følgje av ei enkelthending. I slike tilfelle skal det gjerast enkeltvedtak og opplysast om klageretten.



Dokumentering

I klagesaker som gjeld orden og/eller åtferd er det særleg viktig at skolen kan dokumentere at saksgang for fastsettjing av karakter er følgd, og at det har vore kontakt med heimen om tilhøva som har ført til nedsett karakter.

Skolen skal sende følgjande dokumentasjon til klageinstansen:

- klaga
- fråsegn frå rektor og kontaktlærar
- kopi av ordensreglement
- konklusjon frå drøftingsmøte mellom lærarane til eleven
- dokumentasjon på at foreldre har fått varsel om at karakteren kan bli sett ned
- annan relevant korrespondanse med heimen

Skolen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon om karakterfastsettjinga er tilgjengeleg i den perioden klagebehandlinga pågår.

Fråsegn frå rektor og kontaktlærar

Fylkesmannen vil tilrå følgjande oppgåvefordeling mellom rektor og kontaktlærar:

Rektor gjer greie for

- saksbehandling og prosedyrar på skolen
- alder på eleven dersom klaga berre er underteikna av eleven (eleven må ha fylt 15 år for å klage sjølv)
- om klaga er sett fram innan fristen
- når og korleis skolen har informert om klagerett
- tidspunkt for når skolen har sendt kopi av saksdokument til klagar
- tidlegare karakter i orden/åtferd
- tiltak som er sette i verk for å rette på forholda

Kontaktlærar

- gir utfyllande grunngiving for karakteren
 - Det er viktig å svare på og kommentere det som eleven eller foreldra peikar på i klaga
 - Kontaktlærar si vurdering av eleven i høve til ordensreglementet
Omtale av merknader eleven har fått gjennom året
 - Vurdering av eleven sin orden/åtferd ut frå eleven sin føresetnader
- legg ved kopi av varsel om nedsett karakter
- gjer greie for korleis det er lagt til rette for god tilbakemelding og rettleiing
- legg ved annan dokumentasjon frå skole/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga

Endeleg karakter

Fylkesmannen avgjer om klaga skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for eleven.



Skjemaet finn ein elektronisk på nettsida til Fylkesmannen

Klage på standpunkt-karakter i grunnskolen 2016

(Skolen fyller ut skjemaet)

Skole

U.off. offl. § 26

Namn:			
Adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Telefon:		Rektor:	

Elev

Namn:			
Adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Årssteg:			

Foreldre

Namn:			
Adresse:			
Postnummer:		Poststad:	

Klage på*

Oppgi fag:	Oppgi siste halvårskarakter	Standpunkt-karakter
Orden		
Åtferd		

Skolen har mottatt klagen frå:

Foreldre: Eleven:

Ved klage på fagkarakter

Skolen si handsaming/oversending av vedlegg (sjå rettleiinga for meir informasjon)

Klage underskriven av eleven eller foreldre, datert (må skrivast under av foreldre for elevar under 15 år)
Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga, datert..... Hugs påskrift som viser at kopi av fråsegn frå flaglærar(ar) og rektor er sendt klagaren
Fråsegn frå flaglærar, datert....., med innhald i samsvar med rettleiinga
Dokumentasjon som synleggjer at elev/foreldre er varsle om at karakter ikkje kan setjast, datert

Ved klage på karakter i orden/åtferd

Skolen si handsaming/oversending av vedlegg (sjå rettleiinga for meir informasjon)

Klage underskriven av eleven eller foreldre, datert (må skrivast under av foreldre for elevar under 15 år)
Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga, datert..... Hugs påskrift som viser at kopi av fråsegn frå kontaktlærar og rektor er sendt klagaren
Uttale frå rektor/kontaktlærar, datert Hugs fyldig grunngiving for karakteren, m.a. <ul style="list-style-type: none"> • korleis det er tatt omsyn til eleven sine føresetnader • kva karakterar som er gitt tidlegare • kva tiltak er sett i verk for å rette på forholda
Kopi av ordensreglementet ved skolen
Utskrift av protokoll som viser korleis saka har blitt behandla
Dokumentasjon om at eleven/foreldra er varsle om at det er fare for at karakteren kan bli anna enn god, datert evt kopi av varslingsbrevet
Eventuell annan korrespondanse med foreldre som har relevans for klagen

*Ved klager i fleire fag, bruk eitt skjema for kvar klage



Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2016

Fylkeshuset
6404 Molde

